

HAFSLO BARNE- OG UNGDOMSSKULE

Informasjon om PALS



PALS

Positiv Atferd og eit Læringsmiljø som er Støttande i skulen

På Hafslø barne- og ungdomsskule vil vi:

- visa ansvar**
- visa respekt**
- visa omsorg**
- for kvarandre**

PALS er ein skuleomfattande tiltaks-modell for å styrka sosial kompetanse, førebyggja og meistre åtferdsproblem i skulen.

Alle vaksne skal framstå med like grenser for ønska/uønska åtferd. Me skal ha tydelege strategiar for å **framheva ønska åtferd** og for å **førebyggja problem-åtferd**.

PALS følgjer eit treårig løp. Det første året går med til opplæring av personalet. Andre året set ein i verk tiltak som skal førebyggja problemåtferd. Det tredje året brukar ein til innføring av spesielle tiltak mot problemåtferd, samt oppfølging av dei generelle tiltaka.



Heile personalet har diskutert og laga reglar for skulen vår.

Skuleåret 2010/11 byrja me å øva inn og ta i bruk desse reglane i kvardagen vår

Mål: Trygt, positivt og støttande læringsmiljø

	KLASSEROM
Vis ansvar	<ul style="list-style-type: none">♣ Bær aktivitetsutstyr♣ Gå roleg og direkte til plassen din♣ Gje meldingar/beskjedar i starten av timen♣ Vær førebudd til timen♣ Rydd pulten etter kvar time♣ Arbeid med dei oppgåvane læraren gir
Vis respekt	<ul style="list-style-type: none">♣ Lytt til den som snakkar, rett opp handa og vent på ordet♣ Arbeid roleg utan å uroa andre♣ Gå på toalettet i friminuttet♣ Spør om lov før du forlet plassen din, også om du vil låna noko♣ Reis deg og hels om det kjem nokon nye vaksne inn i klasserommet
Vis omsorg	<ul style="list-style-type: none">♣ Samarbeid med alle♣ Hjelp kvarandre♣ Gje ros♣ Le med, og ikkje av nokon

Det er i tillegg utarbeidd reglar og forventningar som gjeld på område utanom undervisningsrom, som SFO, uteområde, gangar, toalett, skulevegen o.s.b.

Gode og därlege beskjedar

Gode beskjedar vil føra til at barnet mykje lettare vil samarbeide. Gode beskjedar seier noko om når, korleis og kva ein vil skal verte gjort.

Kjenneteikn på gode beskjedar:

- ♣ Vera fysisk nær
- ♣ Vera så konkret som mogleg
- ♣ Vera vennleg, men likevel bestemt
- ♣ Vera tydeleg, brukar få og enkle ord
- ♣ Unngå argumentering
- ♣ Velja rett tidspunkt
- ♣ Gje beskjed direkte
- ♣ Unngå å nyttta spørsmål

Kjenneteikn på därlege beskjedar

- ♣ For mange ord
- ♣ For mange beskjedar på ein gong
- ♣ Har ikkje sikra kontakt med mottakar
- ♣ Uhøfleg, med negative kjensler



Ros og oppmuntring


Læring gjennom oppmuntring

Me treng ofte fleire verkty for å lukkast med å læra born ulike ferdigheitar. Eit av desse er oppmuntring. Dersom me brukar det ofte og medvite er det sannsynleg at borna får auka sjølvkjensle. Me vil nytt "brakort" for å anerkjenna forventa åferd, og gje felles belønning til heile klassen.

Ros – positiv oppmuntring som verkar

Å oppmuntra born med ros byggjer opp sjølvkjensla deira. Ros har mest føre seg når den er :

- ♣ presis og konkret
- ♣ eintydig og positiv
- ♣ gjeven for endra oppførsel
- ♣ kort og oppriktig
- ♣ med tydeleg kroppsspråk som støttar opp dei vennlege orda
- ♣ gjeve i eit språk som barnet forstår



Belønning kan vere:

- ♣ Mykje ros for forventa åferd
- ♣ Å få delta på ønska aktivitet
- ♣ Anerkjenning, foreldra får beskjed
- ♣ Spesielle gode
- ♣ Brakort

Konsekvensar:

Å gje forutsigbare konsekvensar motverkar eller hindrar därleg åferd eller handlingar. Det vil også motverka problematisk åferd på lengre sikt. Me brukar oppmuntring for å fremja god åferd.

Gje fem oppmuntringar for kvar negativ konsekvens.

Bruk små konsekvensar, små påminningar som vert nyttta konsekvent er mest effektivt.

Unngå diskusjonar. Å snakka forvollar ofte problem når ein er kjenslemessig oppskjørt.

Når konsekvensen er gjennomført, la det vere med det. Unngå vedvarande sinne.

Me gjev ikkje negativ konsekvens før me har lært borna forventa åferd.

Konsekvensane skal vera forutsigbare.

- ♣ Samtale/problemløysing
- ♣ Individuell gjennlæring/instruksjon
- ♣ Erstatning
- ♣ "Time-out"
- ♣ Tap av privilegium
- ♣ Send til leiing/rektor
- ♣ Kontakta føresette
- ♣ Utvising